



GRAVSTA'N

I HESTEKIND



VALDRES

Gravsta'n er ein gamal, privat gravplass og ligg på garden Nerre Hestkind (135/2) i Etnedal kommune. Gravsta'n er ein av tre private gravplassar i Valdres, er relativt sjeldsynt i vår del av landet, og har høg verneverdi. Gravsta'n vart godkjend og etablert i 1815 for familien Hestkind.

Den fyrste som vart gravlagd på Gravsta'n var den danske adelsdama Christine Marie Knutsdotter, gift til Nerre Hestkinn på slutten av 1700-talet. Ho hadde vore gift tidlegare og var enkje då ho i 1764 vart gift med Harald Helgeson Strand frå Nerre Hestkinn.

Det var Harald Haraldson Hestkinn som fekk reist Gravsta'n, då mor hans, Christine Marie døyde i 1815. Det er sju graver på Gravsta'n. I tillegg til Christine Marie Knutsdotter, er Harald og Marte Hestkinn, og sonen deira, Nils Hestkinn, gravlagde her. Reisten er graver til småbarn. Siste gongen Gravsta'n var i bruk var då Margit Espelien vart gravlagd her i 1919.



Oppmura i skogen

Gravsta'n ligg oppmura på ein liten knaus, 300 meter søraust for gardstunet. Ein smal veg leier opp til gravlunden. Ein opning i muren fører inn på eit lite platå. Dei ytre måla på gravplassen er 8 x 10 m. Ytre høgda på muren varierer frå 0,5 m til 2 m. Muren er om lag 0,5 m brei og har ei indre høgde på om lag 0,5 m.



Sumaren 2008 starta grunneigaren eit omfattande restaureringsprosjekt i samarbeid med Valdresmusea, Etnedal kommune, Etnedal skule og Oppland fylkeskommune. Restaureringa av porten og murverket vart utført av Hans Magne Lunde frå Etnedal. Målet for arbeidet har vore å gjenskapa det opphavlege uttrykket, i tråd med gjeldande prinsipp for antikvarisk arbeid – det vil seie med utgangspunkt i kjende metodar og material, godkjent av kulturminnestyresmaktene.

Restaurering, landskap

Med bakgrunn i ein vegetasjons- og landskapsrapport, skriven hausten 2007 av vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger, vart det gjennomført eit omfattande dugnadsarbeid hausten 2007. Arbeidet vart utført av grunneigar Harald Espelien og elevar ved Etnedal skule. Dugnadsarbeidet omfatta hogst, rydding og vegetasjonspleie av Gravsta'n og området omkring. På dette tidspunktet vart Gravsta'n formelt adoptert av elevane ved Etnedal skule, som del av eit kulturvernprosjekt i regi av Den kulturelle skulesekken. Adopsjonen forpliktar skulen til langsiktig skjøtsel og vern av Gravsta'n.



Segner

Naturleg nok utviklar det seg segner rundt ein slik stad. Ei segn fortel at eigaren av garden, nokre år etter at Christine Marie var død, ei natt gjekk ned til Gravsta'n, hogg ein kniv nedi grava hennar og sa: "Eg byr deg, Stina frå Danmark, stå opp." Då han hadde sagt dette vart han kasta opp i veret og hamna fleire meter unna. Ei anna segn fortel at ein av Hestkinn-karane som ville gravleggjast på Gravsta'n, i staden vart gravlagd ved Blåflatkyrkja på Bruflat. Like etterpå kom det ein svart hest til garden og gav seg til å skrapa på dørhella. Brukarfolket skjønte dette var eit teikn, og flytte opp att karen. Då vart hesten borte.

Kjelder: Ole Aa. Bråten - Valdresmusea, Harald Espelien - grunneigar, Harald Hvattum - Gard og bygd i Etnedal, Tanaquil Enzensberger - Gravminnet i Nerre Hestkinn

